



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
24.03.2014  
Dykkar dato  
03.02.2014

Vår referanse  
2005/14408 421.1  
Dykkar referanse  
07/1300

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Nye planar knytt til ny 300 kV kraftline mellom Mongstad og Kollsnes

Vi viser til nytt høyringsdokument knytt til søknad om konsesjon, ekspropriasjon og forhåndstiltredelse for bygging av 300 (420) kV kraftlina Mongstad – Kollsnes. I brev av 31. januar 2014 gjer BKK greie for nye tiltak som ikkje er handsama i konsesjonssøknaden. Dette gjeld følgjande:

1. Omlegging av eksisterande 22 kV line Kollsnes – Blomøy i Øygarden kommune. Vil krevje 18 m større breidde i mastetraseen.
2. Permanent veg fram til kabelendemast ved Kuvågen i Radøy kommune. Lengde 150 m og breidde 3 m.
3. Deponi av overskotsmassar frå kabelgrøft ved Mjåsundet, Lindås kommune.

Fylkesmannen har tidlegare gitt fråsegn til detaljplanen (miljø- og transportplanen), men slik vi forstår NVE vil denne ikkje bli godkjent før all konsesjonshandsaming knytt til permanente anlegg er avslutta. Fylkesmannen vil konsentrere sine merknader til tiltak 3 over.

#### Merknad til massedeponi ved Mjåsundet

I overgangen mellom sjø og land må kabelen leggjast på eigna masser, og det vil bli overskot på sprengstein som tidlegare ikkje er omtalt i utbyggingsplanane. Omfanget er usikkert, men vil truleg bli mellom 800 - 3200 m<sup>3</sup>. BKK grunngir forslag om deponi med at det kan vere vanskeleg å bli kvitt massane lokalt. Vidare viser dei til høge kostnader ved borttransport av massar. Det er ikkje veg i området, noko som vil gjere det nødvendig å nytte båt til slik frakt.

Saka er generelt sett dårleg opplyst når det gjeld omfang og verknader for landskapet. I søknaden ligg det eit grovt kart med to alternative deponi-løysingar og illustrasjonsteikning frå utkast til miljø- og transportplan. Etter å ha teke direkte kontakt med BKK fekk Fylkesmannen tilsendt eit noko meir detaljert kart med illustrasjonsteikningar for både alternativ 1 og alternativ 2.

I begge alternativa ligg deponia nær området der kabelen går over i mastepunktet i Mjåsundet, innafor 10 – 30 m frå strandlina. Alternativ 1 vil dekke eit areal på 8300 m<sup>2</sup> delt på å to plassar. Største høgde vil gå 3 m over eksisterande terreng. Alternativ 2 vil dekke 6600 m<sup>2</sup>, og massane er plassert eitt samla deponi. Største høgde på fyllinga vil vere 4,7 m over eksisterande terreng, men kan bli noko lågare om ein skifter ut massane i ei myr i området. BKK sitt prioriterte alternativ er alternativ 2.

I samband med opphavleg konsesjonssøknad vart eit nærliggjande område, Tyttebærneset, verdsett i konsekvensutgreiinga for landskap. Området har *middel- stor verdi /sårbarheit*. Kabelgrøft ved Mjåsundet er ikkje konsekvensvurdert.

Fylkesmannen meiner det er uheldig å plassere eit massedeponi innafor 100-beltet i strandlina. Til tross for at utbygginga elles omfattar kabelgrøft og mastepunkt i området, meiner vi at eit deponi med høgde opp i 3 – 4,7 m vil representere eit uheldig tilleggsinngrep i eit sårbart landskapsrom.

Gjennom reglane i plan- og bygningslova § 1-8 er strandsona underlagt vern. Planlegging av kraftliner er som kjent unntatt frå plan- og bygningslova, men det ligg føre plikt å utgreie konsekvensane av tiltaket, jf. § 1-3. Fylkesmannen vil i tillegg vise til § 12 i naturmangfaldlova, som pliktar utbygger å velje utbyggingsmåte og lokalisering som i minst mogleg grad gjer skade på naturmangfaldet.

Fylkesmannen meiner at BKK må utgreie alternativ som vil vere mindre i konflikt med landskapet og strandsona. BKK kan til dømes utgreie alternativ som deponi i sjø eller lektertransport til andre bruksformål i regionen.

### **Konklusjon**

Planlagt deponi ved Mjåsundet er uheldig ut frå omsyn til landskapet og strandsonevernet.

Søklar ikkje har godtgjort andre alternativ som vil gjere mindre skade på naturmangfaldet, jf. § 12 i naturmangfaldlova. Tiltaket er ikkje konsekvensvurdert etter kap. 14 i plan- og bygningslova.

Fylkesmannen rår frå at BKK får løyve til permanent deponi ved Mjåsundet ut frå søknaden som er presentert.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

BKK	Postboks 7050	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Sluppen		
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø